

Avtale mellom Statens vegvesen og Nye Vestland fylkeskommune

om tilsetjing i Vestland fylkeskommune i samband med at fylkesvegadministrasjonen vert overført frå Statens vegvesen til fylkeskommunane

0. Varigheit av avtalen

Denne avtalen gjeld berre for året 2019, med unntak av punkt 7, som gjeld ut året 2020.

1. Framdriftsplan for Statens vegvesen og Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar

Så tidleg som mogleg og seinast innan 1. februar 2019, skal Statens vegvesen gje Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar innsyn i oppgåver, ressursar og kompetanse som etaten har nytta på fylkesvegdelen av sams vegadministrasjon.

Statens vegvesen skal så tidleg som mogleg gje dei to fylkeskommunane innsyn i bemanningsplanen som viser organisering av nye Statens vegvesen.

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar skal så tidleg som mogleg, men seinast innan 1. april 2019, gje Statens vegvesen innsyn i bemanningsplanen som viser organisering av arbeidet knytt til fylkeskommunal veg frå 1. januar 2020.

2. Informasjon om ledige stillingar i fylkeskommunen

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar pliktar å opplyse Statens vegvesen om alle stillingar som vil bli oppretta i Vestland fylkeskommune med overførte oppgåver. Statens vegvesen pliktar å informere sine tilsette som heilt eller delvis arbeider med fylkesvegdelen av sams vegadministrasjon om stillingane på ein eigna måte.

3. Tilsette som arbeidsoppgåver som vert vidareført i vesentleg grad

Tilsette i Statens vegvesen har rett til å følgje arbeidsoppgåvene sine over til Vestland fylkeskommune. Det er eit vilkår at den tilsette sine arbeidsoppgåver i vesentleg grad vert vidareført i ei stilling i fylkeskommunen.

Dei tilsette som fell inn under første ledd skal motta eit skriftleg tilbod om tilsetjing i Vestland fylkeskommune som minimum skal innehalde den informasjon som følgjer av arbeidsmiljølova § 14-6. Det skal setjast ein frist for aksept av tilbodet som ikkje skal vere kortare enn 14 dagar.

Arbeidstakarar som aksepterer tilbodet skal samstundes seie opp arbeidsforholdet sitt i Statens vegvesen med verknad frå tidspunktet for overføringa. Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar skal gje fortløpande informasjon om tilsette som aksepterer tilbod om tilsetjing i Vestland fylkeskommune.



4. Tilsette med fylkesvegoppgåver som ikkje vert vidareført i vesentleg grad

Ledige stillingar i Vestland fylkeskommune som er knytt til arbeidsoppgåver på fylkesvegnettet, skal så langt det er mogleg verte tilbydd tilsette i Statens vegvesen, som ved overføringa har oppgåver med fylkesvegane, dersom dei er kvalifisert for stillinga.

Statens vegvesen utarbeider ei oversikt over tilsette i Statens vegvesen som har relevant kompetanse for å kunne fylla stillinga i Vestland fylkeskommune. Det er Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som avgjer om dei tilsette er kvalifisert for stillinga. I valet mellom fleire kvalifiserte avgjer fylkeskommunane kva for ein tilsett som er best kvalifisert og såleis skal få tilbod om stillinga.

Punkt 3 andre og tredje ledd gjeld tilsvarande.

5. Overføring av opplysningar i personalmappene til fylkeskommunen

Statens vegvesen skal overføre opplysningar i dei tilsette sine personalmapper til Vestland fylkeskommune i tråd med personopplysningslova og lovbestemd teieplikt.

6. Spørsmål om forståinga av avtalen

KS og Statens vegvesen etablerer ei felles rådgjevande gruppe som så langt som mogleg skal svare på fylkeskommunen og Statens vegvesen sine spørsmål i tilknytning til denne avtalen.

7. Intern utlysing i Statens vegvesen av andre ledige stillingar i Vestland fylkeskommune

Ledige stillingar i Vestland fylkeskommune som er knytt til arbeidsoppgåver på fylkesvegnettet og som det ikkje vert tilsett i etter punkt 4 i denne avtalen, kan utlysast internt i Statens vegvesen før dei vert lyst ut offentleg, sjå punkt 2.


Viss det melder seg fleire søkjarar, skal den som er best kvalifisert ut frå krava i stillingsutlysinga få tilbod om stillinga.

Stillingar skal ikkje lysast ut eksternt før avklaring om tilsetjing føreligg dersom det har meldt seg kvalifiserte søkjarar frå Statens vegvesen innan søknadsfristen.

Denne føresegna gjeld for stillingar som skal lysast ut innan 31. desember 2020.


Avtalen er inngått: 1/12 2019

Statens vegvesen


Terje Moe Gustavsen
vegdirektør


Helge Eidsnes
regionvegsjef

Nye Vestland fylkeskommune


Rune Haugsdal
prosjektleder

